



## PRESSEMELDING

Kinsarvik, 06.06.2025

### **Hardanger tingrett gjenoppstår som Hardanger og Voss tingrett – formell opning 10. juni 2025**

Hardanger og Voss tingrett blir no oppretta, og den offisielle opninga vil finne stad 10. juni 2025. Dette markerer ei historisk og viktig hending for Hardanger og nærliggjande område – eit resultat av brei politisk støtte, lokal mobilisering og vilje til å samarbeida på tvers av nivå og kommunegrenser.

Hardangerrådet ønskjer å rette ein stor takk til regjeringa, Justis- og beredskapsdepartementet sitt sekretariat og politiske aktørar på Stortinget for tydeleg vilje til å lytte og handle. Dette er eit døme på kva me får til når me står saman og løftar fram gode, lokalt forankra løysingar.

Regjeringa kunngjorde i mai 2024 at dei ønskte å gjenopprett Hardanger tingrett. Den 19. juni vart det semje i Stortinget etter budsjettforhandlingane. Den nye tingretten vil femna kommunane Voss, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Kvam og Samnanger.

Gjenopprettinga inneber ei styrking av rettstryggleiken og ei meir berekraftig domstolstruktur. Løysinga vil bidra til betre tilgang til rettsapparatet for innbyggjarar, redusert reisetid for partar, meddommarar og politi, og byggjer opp eit større fagmiljø med fleire tilsette og breiare kompetanse.

Hardangerrådet vil særleg takka Voss og Samnanger for at dei valde å slutte seg til Hardanger tingrett. Deira støtte var avgjerande for den politiske semja og for å gje Hardanger og Voss tingrett sterke og meir framtidsretta.

Hardangerrådet ser fram til den formelle opninga 10. juni 2025, og til at domstolen igjen vil vere tett på innbyggjarane i regionen.

Hardangerrådet IKS

Timo Knoch  
Eidfjord

Torgeir Næss  
Kvam

Roald Aga Haug  
Ullensvang

Jens Olav Holven  
Ulvik

Ann Irene Myrheim  
Dagleg leiar

